

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 15.08.2013
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Statens eierberetning 2012**

Arkivsak
2012/376
Styresak 093/13 O

Styremøte 03.09. 2013

Forslag til vedtak

Styret tek Statens eierberetning 2012 til orientering.

Oppsummering

Nærings- og handelsdepartementet har publisert dokumentet "Statens eierberetning 2012". Dokumentet gir ein oversikt over det statlege eigarskapet, korleis eigarskapet blir forvalta og korleis selskapa utviklar seg. Dokumentet tar sikte på å bidra til auka kunnskap om departementa sitt arbeid med forvaltninga av eigarskapet og om dei enkelte selskap.

Fakta

«Statens eierberetning 2012» omfattar to hovuddeler. Første del inneheld oversikter for året som har gått og artiklar knytt til det statlege eigarskapet. I andre del blir det gjort greie for dei ulike selskapa.

Selskapa er delt inn i fire kategoriar ut frå staten sitt mål med eigarskapet:

1. Selskap med forretningsmessige mål
2. Selskap med forretningsmessige mål og nasjonal forankring av hovudkontor
3. Selskap med forretningsmessige mål og andre spesifikt definerte mål
4. Selskap med sektorpolitiske mål

Inndelinga av selskapa er i samsvar med kategoriseringa av selskap med statlege eigardelar som blei gjort i Meld. St. 13 (2010-2011) – *Aktivt eierskap – norsk statlig eierskap i en global økonomi*.

Dei regionale helseføretaka er omtala på side 99 – 103.

Kommentarar

I omtala av viktige hendingar i Helse Vest er det peikt på den kraftige veksten i tal konsultasjonar i poliklinikk, døg- og dagopphald. Det er vidare vist til at ventetidene er stabilisert på nivå som i 2011, og at dei er radikalt betra samanlikna med utgangspunktet i 2002. I tillegg er det vist til at 2012 var året da samhandlingsreforma tok til å gjelde og at tverrfagleg spesialisert rusbehandling har vore eit satsingsområde også i 2012. Delen pasientar som fullfører TSB har auka.

Den positive økonomiske utviklinga er særskilt trekt fram, og det er peikt på resultatata gir sjukehusa handlingsrom til å investere i tiltak som gir betre behandling.

«Statens eierberetning for 2012» og tidlegare utgåver av dokumentet er også tilgjengeleg på internett; www.eierberetningen.no.